

Reglar for Solund Treningssenter

1. For å trene på Solund treningssenter må du vere medlem. Aldersgrensa for å bli medlem er 16 år. Medlemmer over 18 år kan ta med seg inntil to personar mellom 13 og 15 år på treningssenteret. Desse trener gratis.
 2. Medlemmer som er 16 og 17 år må gjennom ei opplæringsøkt før dei kan trene på eiga hand.
 3. Medlemskapen gjeld til han vert sagt opp skriftleg. Oppseiingstida er ein månad, og gjeld frå første heile månad etter at oppseiinga er levert. Oppseiinga skal sendast til Solund kommune.
 4. Medlemskapen vert fakturert kvart halvår. Oppdatert informasjon om prisar finn ein på www.solund.kommune.no. Skuleelevar/studentar i alderen 16-30 betaler studentpris, mot å vise fram gyldig skulekort/studentbevis. Prisen for medlemskap vert justert årleg av Solund kommunestyre. Ved manglande betaling har Solund kommune rett til å avslutte medlemskapen.
 5. Nøkkelticket er personleg og kan ikkje lånast ut til andre. Ved oppseiing av medlemskapen må nøkkelticket leverast inn.
 6. Opningstida for Solund treningssenter er kl. 05.00-24.00. Treningssenteret er ubemanna. Solund kommune tek atterhald om at treningssenteret kan bli stengt i kortare tid grunna annan aktivitet eller vedlikehald.
 7. Solund kommune fråskriv seg alt ansvar for skader på personar eller gjenstandar som følgje av opphald på Solund treningssenter. Du er sjølv ansvarleg for å vere helsemessig skikka til å nytte senteret og for å setje deg inn i korleis dei ulike treningsapparata fungerer.
 8. Solund kommune kan ta sporadiske adgangskontrollar.
 9. Det er ikkje tillate å ta med eller bruke rusmiddel på Solund treningssenter
 10. Følgjande ordensreglar gjeld på Solund treningssenter:
 - Alle medlemmer skal halde orden og rydde på plass utstyr som vert brukt
 - Vask over utstyret etter at du er ferdig med å bruke det
 - Det skal berre nyttast reine innesko
 - Ta av deg uteskoa ved inngangspartiet
 - Unngå å forstyrre andre ved å prate i mobil
 - Bruk hovudtelefonar dersom du ønskjer å høyre på musikk
 - Ikkje ta bilete av andre utan løyve
 - Vis elles vanleg folkeskikk
 - Maksimal opphaldstid pr treningsøkt er to timar
 - Feil og manglar på treningsutstyr må meldast til Solund kommune
- Ordensreglane kan bli justerte. Oppdaterte reglar finn ein på www.solund.kommune.no og på oppslag på Solund treningssenter
11. Solund kommune har rett til å avslutte medlemskapen dersom reglane i denne kontrakten ikkje vert overhaldne. Dette gjeld også ved hæverk eller tjuveri.